



Arkivnr: 2019/2055-8

Saksbehandlar: Tor Harald Rødseth

Saksframlegg**Saksgang**

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for miljø og samferdsel		05.06.2019
Fylkesutvalet		20.06.2019

Søknad frå Bergen kommunale Kystkultursenter AS om løyve for båtrute på strekninga Indre Vågen - Nordnes – Ytre sandviken**Samandrag**

Bergen kommunale Kystkultursenter AS har søkt om løyve for båtrute på strekninga Indre Vågen – Nordnes – Ytre Sandviken. Den omsøkte rutedrifta vil ha lite omfang, og ikkje vere i nemneleg konflikt med andre interesser. Den kan vere positiv for turistnæringa i Bergen. Fylkesrådmannen rår til at søknaden vert imøtekomen.

Økonomi: Ingen verknader.**Klima:** Ingen verknader.**Folkehelse:** Ingen verknader.**Regional planstrategi:** Ingen verknader.**Forslag til innstilling**

Fylkesutvalet tildeler Bergen kommunale Kystkultursenter AS løyve for båtrute på strekninga Indre Vågen – Nordnes – Ytre Sandviken.

Ingrid Kristine Holm Svendsen
kst. fylkesrådmann

Håkon Rasmussen
fylkesdirektør samferdsel

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Fylkesrådmannen, 06.05.2019

Bakgrunn

Fylkesutvalet har i brev av 29.04.19 motteke søknad frå Bergen kommunale Kystkultursenter ('BKK'), org.nr 990 031 487, om løyve for båtrute på strekninga Indre Vågen – Nordnes – Sjøflyhavnen - Nyhavn.

Søknaden

I søknaden heiter det m.a følgjande:

Vi søker om løyve til persontransport i ruten Vågen/Rundetårn – Nordnes/Akvariet – Sandviken/Bergen Kystkultursenter – Gamle Bergen. Ruten skal seiles av «MF Vågen» og «MF BEF 2», men på grunn av fartøyenes størrelse, er det kun «MF Vågen» som trenger løyve.

Ruten er i første rekke en tilbringerrute for besökende fra Bergen sentrum til Akvariet, Bergen Kystkultursenter/Norges Fiskerimuseum og Gamle Bergen, og følger opp i kjølvannet til gamle historiske ruter i Bergen med tilsvarende fartøy. Ruten har fått arbeidsnavnet «Den blå kulturløypen». Ruten vil imidlertid også være åpen for andre reisende.

Ruten skal etter planen starte 18. mai 2019, og skal i år gå t.o.m. 15 september. Ruten er planlagt som årlig, men tidspunkt og avganger kan bli justert etter hvert.

Begge fartøyene som skal seile ruten, går i dag i ruter inne i Vågen i Bergen. De skal nå forlenge ruten og seile i ruten nevnt ovenfor. Av ulike årsaker har det tatt tid å få det praktiske på plass, inkludert alle formaliteter for å söke om transportløyve til den nye ruten som skjer i regi av Bergen kommunale kystkultursenter AS.

Det er planlagt 7 dagslege rundturar med eit fartøy som er så lite at det ikkje er løyvepliktig, og same opplegg med eit anna fartøy. Dette fartøyet er 8 meter langt, og m.a difor løyvepliktig. Dei to fartøya tek høvevis 15 og 21 passasjerar.

Takstregulativet som er planlagt inneheld for utan ein skildbillettar «dagspass» med uavgrensa adgang ein dag, rabatt for abonnentar på Bergens Tidende og sesongkort. Planlagt ein skildbillettakst ein veg er kr 60 for vaksne og 30 for barn.

Fylkesrådmannen si vurdering

Den omsøkte rutetransporten vil ha lite omfang. Det er ikkje konkurrerande båttransporttilbod, og konkurranseflaten mot Skyss er marginal. Eventuelle luftutslepp frå fartøya vil vere marginale. Fylkesrådmannen kan ikkje sjå at ruta kan kome i nemneleg konflikt med nokre interesser.

Båtruta kan gje auka besøkstal på turistattraksjonane der den vil ha anløp. Den kan også vere ein attraksjon i seg sjølv som sightseeingrute på fjorden i særeigne små fartøy.

Fylkesrådmannen finn nemnde vurdering tilstrekkeleg til å tilrå at den aktuelle søknaden vert imøtekomen.